

Over 60 fekk meir kunnskap om Olivita

07.05.2015



Over 60 kom for å høre om olja som er ein spennande kombinasjon

Eidsvollingen, professor og biokjemikar Bjarne Østerud (75) må reknast som faren til den helsebringande olja Olivita. Han har patent på ho saman med Edel O. Ellevoll. I kveld heldt han eit timelangt foredrag om produktet og det kom over 60 til Kvinnherad Vekst for å få meir kunnskap om det. Det har fått mykje blest sidan produktet vart lansert i 2006 og ein engasjert tilhengar er Uskedalens eigen professor i anatomi Reidar Myklebust. Han fungerte da også som vertskap for sin kollega ved dette høvet. Østerud er ved universitetet i Tromsø og Myklebust har vore der.



Professor Myklebust takkar professor Østerud

Østerud og medhjelparane hans har fått mykje ros for olivita, konstaterte professoren.

Målsetjinga var å laga ei oljeblanding med same effekt som kaldpressa hvalolje. Det vart oppnådd ved å kombinera raffinert selolje og kaldpressa olivenolje (ekstra virgin olive oil).

Østerud heldt fram at olivita ikkje berre har alle dei positive effektane som den meir kjende omega-3, men i tillegg kjem mellom anna overskot av antioksidantar og anti-inflammatoryiske produkt som saman med omega-3 hindrar oksidasjon av dei flerumetta fettsyrane.

Olivita har ein beskyttande effekt mot utvikling av åreforkalking og andre sjukdommar som har betennelsespreg.

Olivita har ein svært gunstig effekt ved at olja gjer blodplatene mindre klebrige. Effekten er ein kombinasjon av omega 3-fettsyrene og dei svært aktive antioksidantane i olivenolje.

Her er det særleg DPA, ein av fettsyrene i omega-3, som det er mykje av i selolje, viktig for den effekten ein kan sjå på blodplatene.

Professor Østerud hadde ein brei gjennomgang av effektar av olivita. Han peika på at effekten på blodplatene reduserar leddgikt sterkt og også leddplager generelt. Det gjeld også psoriasis. Truleg er olivita også meir effektiv enn albyl E men den tek lengre tid.

Fleire har meldt tilbake at dei har unngått ny utblokkering av blodårer etter at dei før har hatt hjartefarkt og utblokkering og innsatt stent og stått på kolesterolnedsettande medikament i fleire år. Folk med bekterev seier dei har vorte nærmast frie for smertar.

Mange har også vorte betre i knea etter at eit stoff i olivenolje har hatt verknad.

ØSTERUD MEINER AT OLIVITA ER BRA FOR ALLE ALDERSGRUPPER.

Vaksne treng olja for å hindra sjukdommar som kjem med aukande alder, ungdom ikkje minst fordi dei trenar mykje og born fordi den beskyttar mot oksidasjon.

Tilslutt berre dette: Ein kan halda fram med å ta eit glas vin - det har berre ein gunstig verknad!

Tekst, foto og nett: OLA MATTI MATHISEN



Interessant tema trakk mange